



Arkiv nr:


Sak nr 29/2020

Møtedato: 01.09.2020 Møtestad: Slidre


Saksbehandlar: Kenneth Monsen

F 271, Flyin – ny veg til hytte

Eigar av hyttefeste fnr 271 på Flyin har søkt om å lage veg til hytta si. Dei har i dag berre ein gangsti opp til hytta, samt ein parkeringsplass ved Panoramavegen. Dette er skissert i søknaden med følgjande:



Skisse frå søknad



Oversiktskart

Denne søknaden er sendt på høring til fjellstyret frå Statskog, som tek endeleg avgjerd i saka.

Ut i frå omsyn til brukarar av allmenning, kan ein i utgangspunktet ikkje sjå særlege negative verknader at denne hytte får veg. Den ligg inntil Panoramavegen, og det er ein kort veg det er snakk om.

Slik søknaden legger opp ynskjer dei å køyre rett opp mot hytta. Det er 4 meter stigning og ca 25 lengde meter veg å fordele stigninga på. Dette gjev ei helling på 1:6,5. Dette er særst bratt, og er noko ein bør unngå. Vegar bør helst vere 1:10, og uansett ikkje brattare enn 1:8, jfr kommunens retningslinjer.

Det vil vere uheldig å legge opp til ein løysing som uansett ikkje vert godkjent i kommunen, og som då må behandlast på nytt. I tillegg vil dette kunne vere trafikkfarleg, særskilt vinterstid om denne skulle verte vinterbrøytt.

Administrasjonen tilrår at dei får bygge veg opp til hytte, men ikkje slik skissert pga sterk helling. Det kunne vere ei løysing å definere ei minste hellingsgrad (eks 1:8), og gje administrasjonen saman med fjellstyre leiar fullmakt til å vurdere ny søknad med veg i tilnærma same område, men med betre hellingsgrad. Det vil uansett ha lite å seie for området om vegen vert lagt i ein liten bue som gjer at hellingsforholda vert betra.

Vegen må sjølvstøtt pyntas til att i vegskråningar med studeigne masse og tilsåast så den vert minst muleg synleg.

Det tilrådde området for ny veg er vurdert etter naturmangfald loven § 8-12. Det er ikkje funn som indikerer at det er manglar i kunnskapsgrunnlaget, og soleis heller ikkje naudsynt med ei føre var haldning. Den samla belastninga kan heller ikkje seiast å påverke nærområdet på ein negativ måte med omsyn til naturmangfald.

Framlegg til vedtak:

Fjellstyret tilrår at F 271 får lage veg fram til hytta, men at ny veg ikkje bør ha brattare hellingsgrad enn 1:8. Administrasjonen saman med fjellstyre leiar får fullmakt til å godkjenne ny skisse.

Vedtaket er samrøystes.

Tilråding frå fjellstyret er ikkje enkeltvedtak jf. forvaltningsloven og det er derfor ikkje klagerett over vedtaket.

Vestre Slidre fjellstyre den 02.09.2020

Kenneth Monsen
sekretær

Utskrift:
Tore Lerud, Hornslinna 717, 2760 Brandbu
Panoramavegen v/ Bjarne Bergheim (epost)
Statskog
Vestre Slidre kommune